

VARHAUGBUEN



KVELDSSKULE

SIDE 4 - 5

4H-DAGEN PÅ JÆRMUSEET

SIDE 13

GUDTENESTE I GRÅTT

SIDE 20 - 21

TUNET CATERING

SIDE 28 - 29



JA, VI ELSKER!



Sjur Håland

«Jeg velger meg april», sa dikterhøvdingen vår Bjørnstjerne Bjørnson i si tid.

Det gjer eg òg.

April. Pluss mai. Og juni og resten av sommaren.

Lerka jublar høgt i sky, og det er ho ikkje åleine om. Kvinner og menn frå alle sosiale lag i alle aldrar får nytt mot og ristar seg som lamma ut av inneklima og vinterdvale.

Folk opnar ytterdøra på vidt gap og myser mot sola - og mot naboen som har vore oppe **med** sola og som står midt i hekken og plukkar fjorgamle planterestar opp i ein svart søppelsekk - med hekken i vêret.

Det er nå i april folk knyter på seg lette joggesko kjøpt på tilbod på eitt eller anna kjøpesenter i vinter. Sko så vårlette at du nærast blir løfta opp frå grusen og mister bakkekontakten eit kort og lykkeleg augeblink, sjølv om badevekta avslørar at du heller burde kjent deg som ei sementblokk.

Varhaugbuar og andre likesinna ladar bilane og sopar garasjen rein for asfaltstøv, grus og salt. Folk legg faktor 20 i fjeset og ny olje på terrassen. Så legg dei sommardekk på bilane og ryddar plass i bagasjerom og hektar tilhengarfarkostar på kroken.

Kvinner og menn med minkande vintereksem, men aukande pollenallergi og tørr vårhud valfartar med elektriske bilar og grønne fingrar til Wiig Gartneri eller Plantasjen eller Bondekompaniet eller Eurospar eller Bohus for å kjøpa nye hanskar for å laga tusenfryd av anemonar og hyasintar.

Unge folk med nye hagar og barnevogn. Middelaldrande med konfirmant, Tesla og nyvaska betongheller i entreen. Gamle med mose i plenen og titan

i knea. Alle blir me påverka av våren og fylte av ny, heilt gratis energi.

Solstrålene verkar til og med for slike som meg som har blitt avhengig av varme tøflar på parketten gjennom vinterhalvåret og som sabber rundt med ullstilongs under jeansen mellom første oktober og 15. mai.

Ein som eigentleg ikkje skal vera så veldig vårry lenger, må fram med solbrillene og finna fram T-skjortene frå i fjor innerst i skapet. For nå er det tid for kalvedans på balkongen og tørr bjørkeved frå butikken i bålpanna for å halda myggen på avstand.

Kan eg skriva slikt i eit bygdeblad som Varhaugbuen med lesarar i alle aldrar. Godt vaksne er vel ikkje vårry og fylte av gode hormon og glede over våren?

Klart dei er - og klart eg kan skriva om slikt! Det er ingen lov som seier at når du er 60 eller 80 eller 90 - så har du ikkje lenger lov til å gle deg over nytt liv, nakne legger, grønlande gras, pinseliljer og gul sol.

Eg trur at begeistringa over våren berre blir sterkare med alderen. Lukta av frisk husdyrgjødsel og lyden av travle fuglar og brektande lam verkar betre på ein vaksen kropp enn både tran, tablettar og eitt glas med raudvin.

Romantikk er det forresten heller ingen aldersgrense på - berre så det er sagt.

Ja vi elsker, skreiv Bjørnson.

Og kanskje er det slik at: Ja, vi elsker - særlig om våren og sommaren.

Alt godt!

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



 **SI BYGG**
NORRØN GRUPPEN

KLAR FOR FJORDLAND?

Det er sommar og årstida for farting. Samboen skal kanskje til København på shopping med veninnejengen? Sjølv har eg nyleg hatt mi årlege Fjordland-veke. Husværet er utstyrt med balansert ventilasjon, så luftinga går føre seg automatisk. Vidare vart potteplantene vatna før Hustru strauk på dør med kofferten. Men, som alltid er det likevel ein del å tenkja på når du skal ha heimen for deg sjølv.

Som eg har halde fram før, er eigentleg det viktigaste gjeremålet å bløyta kjøkkenkluten godt rett før den du deler seng med ramlar inn dørene med alle posane. Kjøkkenkluten bør ikkje vera den same som då den betre halvdelen reiste, og han må absolutt ikkje lukta surt. Frisk og fuktig kjøkkenklut, vitnar om at du har vore i full aktivitet i heimen gjennom heile veka.

Eit anna tips, er å fjerna brød- og kjekssmular under kjøkkenbordet. Det er utruleg kor mykje som kan samla seg på parketten under stolen din i løpet av ei veka. Til dette brukar du støvsugaren. Veit du ikkje korleis den verkar, kan du spørja einkvan du stolar på og som har teieplikt.

Etter ei veka kan det vera vanskeleg å fjerna flekkar av inntørka ketsjup og syltetøy frå kjøkkenbordet.



Prøv å bløyta godt før vasking, nett som i grisehuset. Men du må ikkje bruka høgtrykksvaskaren inne!

Det siste du gjer er å panta alt av tomgods. Sjekk brødsuffa og osteklokka for eventuelt mygla matrestar. Gå også ut i søpla med emballasjen frå Fjordland, Bøen, Karvan og Essoen. Kjem frua heim seint om kvelden, set ho alltid pris på at lyset i heimen er skrudd på. Ikkje overdriv med å tenna levande lys. Om du er aldri så trøyyt etter arbeid, eller lemming og våronn, er det likevel ei god investering å prøva å vera litt interessert i korleis turen har vore, og kva kupp ho har gjort i Kongens by.

Lukke til!

Denne teksten er brukt med løyve frå Bondevennen.



Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 for 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

KVELDSSKULE

Hei, me er to jenter frå 6.trinn som skal fortelle litt om kveldsskulen. Me hadde kveldsskule Onsdag den 20. Mars i 2024.

MELDE SEG PÅ

For å melde oss på den aktiviteten me ville på så måtte me inn på eit skjema og krysse av det vi ville på før mat og etter mat. Det var mange morosame aktiviteter me kunne melde oss på. Før mat kunne me melde oss på kanonball i gymsalen, kunst & handverk i sløyden, Matlaging i kantina og Speling i eit klasserom i 6.trinn. Og etter mat kunne me velge mellom kanonball i gymsalen, kunst & handverk i sløyden, spa i eit klasserom, brettspel i gangen og dataspel i eit klasserom i 6.trinn.

AVSPASERING, SNOP OG BRUS

Me fikk lov til og avspasere på fredagen, to dager etter kveldsskulen. Me avspaserte 2 timar før skulen slutta. og me fikk lov til å kjøpe snop for 40 kroner, og brus utenom. Kveldsskulen starta 18:00 til 21:00.

MATLAGING

Me to var på matlaging. Me lagte taco med lærarane Magnus Skrettingland jr. og Inger Reiestad og mangen fleire elevar. Me kutta opp grønnsaker og bruna kjøttdeig. Det var litt travelt, dessverre for elevane gløymde Inger og sette fram maisen og det var kran- gel om og ta mais først, men maisen kom til slutt. Og me på matgruppa hadde det veldig morosamt. Me åt og snop og drakk brus. Etter alle hadde ete og dрукket seg mette, hadde me mykje restar. Så kom me på matgruppa på ein strålande idé. Me lagte ta- cosalat til det som var over, og deretter satte me det i kjøla i kantina/mat & helse rommet. Og neste dag åt me tacosalaten på skulen attåt tacolefser.

SPA

De så meldte seg på spa fikk til lekse og ta med seg hår ting og som de sier i nyare dager «Skincare», altså hudprodukter. De vaksne som var med var Inger Reiestad og Kariann Lindheim. Me fekk lov til og krølle håret, ta facemask osv. Mangen hadde spart litt snop og brus etter maten, så mangen spiste snop og drakk brus.



INTERVJU

Geir Bransdal (Lærer)

Kva gruppe var du på? Eg var på Dataspill Gruppa, begge øktene.

Kva kunne du gjer på dataspell gruppa? De tok med chromebooken sin og kunne spele de spela de ville.

Hadde elevane det morosamt? Ja, de koste seg med både speling og snop.

Ragna Skrettingland-Haarr(Elev)

Kva gruppe var du på? Eg var på Taco Gruppa og i kunst & handverk.

Kva kunne du gjere på gruppene? På taco gruppa så lagte me taco selvfølgelig. Og på kunst & hand- verk så tofte eg ull, men me kunne også drive med keramik.

Hadde du det gøy? Ja, selvfølgelig. Det var moro- some folk der.

William Lerbrekk(Elev)

Kva gruppe var du på? Eg var på kanonball begge gongane.


Kva gjor du på gruppa? Me spilte kanonball og had- de veldig godt samarbeid.

Hadde du det kjekt? Ja, fordi me vant.

Me anbefaler og ha ein kveldsskule som dette.

Håper me kan gjer dette igjen i 7.trinn.

Teksten er skrevet av Silvie Vik og Maria Håland



NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er byggearbeidet godt i gang. Det meste av planlagte møter og utleier går uten særlig vansker. Nokre utfordringer er det,- som når det er utleie for selskap i matsal samtidig som det er større møter i møtesal. Årsak er at toaletter utanfor møtesal no er stengde.

Det vert ikkje festmøte på 17. mai dette året.

Helga sist i mai/først i juni blir det møter med mye sang og konsert med «misjons-befalingen»

«Vi over 60» er som vanleg første og tredje onsdagen i månaden, men det vert pause frå 20. juni til 20. august.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

I byggeperioden er kontoret midlertidig flytta til rom over hovudinngang, men kontakttelefon er den same.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



FRÅ REDAKSJONEN

Ser av det eg skreiv i fjor på same tida, at då var mai kald. Det kan me i alle fall ikkje seia om mai i år. Nå har me hatt full sommar i fleire dagar, sjølv om vinden kanskje har irritert nokon. Eg tykkjer det er godt med vinden, for då går det i alle fall an å sitja ute på terrassen. Nå skal ikkje eg syta over sola og det fine veret. Det er nok berre det at eg er kome over den alderen då ein låg paddeflat for å få den rette brunfargen. Alt til si tid, kan ein vel seia her og.

Nå er det Varhaugmarken som står for tur. Får berre håpa at ikkje alt det fine veret vert brukt opp nå. Det er mange arrangement som verta kalla «vårens vakraste....» På Varhaug vil eg seia det er Ongaløpet på starten av Marken. Det er nok mange her, som er med i sitt første løp.

Ynskjer alle ein fin sommar!

MANGE TAKK!

Eg vart 85 år i april, og då eg fekk så utruleg mange helsingar og blomar, ja, mange frå heilt uventa hald.

Eg er redd for at eg kanskje gløymde å takka einkvan, og difor gjer eg det her: «Mange takk for at de huska på dagen min. Det sette eg stor pris på» .

Liv

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Vår-semesteret er starta opp. Og planen er å halde på fram til 6. juni.

Vi hadde Håmesterskap lørdag 6. april på Varhaug misjonshus. Her deltok 26 unge spillere i tre klasser. Det var 4 jenter med i år.

I mesterklassen ble det Nils Tore Espegren Aarsland som vant med samme poengsum som Magnus Rimestad,- begge frå Jærtun. Thomas Stokke frå Tryggheim vart nr 3 dette året.

I Kan_litt-gruppa var det Tian Hattaland fra Bø som vant med 15 poeng foran Deborah Eiken frå Jærtun og Michel Richards frå Motland skule som baa fekk 11 poeng.

I nybegynnerklassen gikk seieren til Torben Hadland frå Vigrestad med 15 poeng , medan Isak Hatteland frå Vigrestad og Nikolai Baklund frå Motland baa fekk 12 poeng.

I pausen var det pizza og brus til spillerne og heilagjengen. Og me hadde årsmøte der styret vart attvalgt.

24. april arrangerte skulesjakklaget POL ein BGP-turnering på Tasta bydelshus og der vart Nikolai Baklund frå Hå skulesjakk best i nybegynnarklassen.

Jæren sjakkklubb på Bryne har nokre unge spelarar til opplæring,- og då dei skulle delta i ei BGP-turnering som Stavanger SKU arrangerte 1.mai,

vart 6 av dei innmelde i Hå skulesjakk. Dei deltok i nybegynnarklassen, og den eine (Emil Teie Alsvik) vart nr 3 av 31 spelarar.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

Og du kan verta med i VM i utesjakk som Hå skulesjakk arrangerer under Varhaugmarken 1. juni.



SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Klubben har hatt bra frammøte i vår. Siste dag før ferien vert 12. juni med klubbmesterskap i lunsjakk.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

VARHAUG PENSJONISTLAG



Styret i Varhaug Pensjonistlag 2024



*Bak fra venstre
Gjertrud Edith Hobberstad,
sekretær.
Bjørge M. Reiestad, leder.
Gustav Håland, vara.
Berit Kristine Bø, nestleder.
Bjørge Reime Håland, kasserer.
Aud Torunn Hobberstad, vara.
Foran fra venstre
Oddny Søyland, styremedlem,
Ingvar Reiestad, styremedlem.
Liv Karin Haver, vara.
Tor Knudsen er web ansvarlig og
fotograf*

Varhaug Pensjonistlag har alle møtene på Varhaug Idrettshus, sosialt rom. Møtet holdes siste tirsdag i måneden fra kl. 17.00 - 19.00. Enkel servering. Allsang og trekkspill musikk. God parkering. Alle medlemmer i Varhaug Pensjonistlag får en SMS i god tid før møtene med en liten orientering.

Målsettinger: Beholde innmeldte medlemmer, verve nye medlemmer

Ha gode interessante foredragsholderer

Ha en fin kveld sosialt og med allsang.
Trekkspillmusikk.

Vervekampanje med stand på Varhaug Marken og på Vigrestad dagene.

Vi håper du har glede og nytte av medlemskapet - vi setter stor pris på å ha deg med.

Det skjer mye i samfunnet som preger våre liv som pensjonister. Pensjonistforbundet jobber hver dag - hele året - for å skape et aldersvennlig samfunn, der vi kan leve gode, trygge og aktive liv, hele livet. Med deg i ryggen får vi større gjennomslag!

Har du lyst å bli medlem i Varhaug Pensjonistlag, ta kontakt med Bjørge M. Reiestad tlf 41220538

Husk å benytte deg av medlemsfordelene dine!



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltebelys. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmøling av fjøs.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



VARHAUGMILÅ

LØRDAG 1. JUNI



Start/mål:
Ved Stasjoen Pub, Varhaug
Kl. 12.30 – 10 km
Kl. 12.35 – 5 km

Påmelding:
Påmeldingsfrist: inntil 30 min før start
Påmelding kan gjøres via www.vil.no eller scanne QR-kode



Pris:
Barn 8–15 år:
150 kr uansett løp
Voksne 15 år og oppover:
5km – 250 kr
10km – 350 kr



Pengepremie og deltakerpremie



BRÅTT VERT DET SOMMAR

Etter ein lang, kald og fuktig vinter/vår vert det brått sommar.

I år har vi det som vi kaller austlands-klima der vinteren går direkte over til sommar, så i år kan alle bønder så MAIS.

For Bondelaget har det vert ein travel vinter/vår, det er tydeleg at det er ein jærbu i Landbruksdepartementet for

nå sendest det ut alt på ein gong, ny gjødselbrukforskrift, nytt talgrunnlag, opptrappingsplan og auka sjølforsyning. Med andre ord ska me produsera meir mat og gjødsla mindre.

GOD SOMMAR



Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

BLI MEDLEM

- Gratis kroppsanalyse når du melder deg inn for 12 måneder (18 år's aldersgrense).
- Tilbud om Pulsen start time.
- God kompensasjon innen trening og kosthold.
- Gjeldt ansatte og tilgang til å trene ukentlig når det passer for deg!
- Bliett utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt sentor for egen trening.
- Åpent 24/7 med døkkedørr.
- Funktionell fitness (Crossfit).

Pulsen FUNCTIONAL FITNESS
@varhaugpulsen_H

Pulsen VARHAUGS
@varhaugpulsen_trainingssenter



EINAR SKRETTING

- ELDESTEN TIL ANNA OG MAGNE - (OG BROR TIL MINDOR OG STÅLE)

4. juli 1964 - altså for snart 60 år sidan - skjedde det noko heilt spesielt i Baltimore; Eg fekk møta Einar Skretting for første gong, og Hans fekk treffa igjen den gamle skulekameraten sin, som han ikkje hadde sett sidan dei slutta skulen.

Då var Hans og eg på Solfonn, og båten hadde kome til Baltimore. Magnus, ein av sønene til båtsmannen vår, Sjur Espevik frå Kvitsøy, arbeidde i sjømanns-kyrkja der. Han kom og henta oss. Hans og meg tok han med til Sjømannshjemmet, der han hadde ordna det slik at me fekk treffa Einar, og så tok han faren med vidare på tur.

Tenker det må har vore rart for både Einar og Hans, og treffa kvarandre igjen etter så mange år. Då dei skildest var dei ungar, og nå var dei begge gifte, vaksne menn. Einar hadde til og merd vorte far til tre.

Både Einar og Hans er fødte 20. mars 1939. I tillegg har to av søskena til Einar, same dagen, Per i 41 og Svanhild i 46. Dette må vera heilt spesielt.

I 1984 var Einar heima igjen på Varhaug for første gong. Hans og eg var av dei få som hadde møtt han, utanom familien då, som hadde vore på besøk. Seinare var han heima igjen for å feira 50 års dagen, noko som vart gjort i banksalen.

I 1999, då Einar var 70 år, var han heima og feira dagen sin på Lerbrekk. Då han vart 80, reiste familien til USA for å feira han. Nå vart Einar 85, og kom på besøk til broren Mindor. Dette skulle vera litt hemmeleg, for han ville overraska Svanhild på deira felles dag, noko han og klarte.

Då Einar og Hans var ferdig med skulen, gjorde dei som mange andre i den tida, dei reiste til sjøss. Utruleg å tenka på. Då var dei vaksne karar klar for arbeidslivet som 15 åringar, men nå er ungar på same alder knapt konfirmerte.

Einar reiste ut på skuleskipet Gann - det gamle - og skulle vera der 4 månader. Men etter berre to vart han mønstra på Norges største tankskip på den tida - «Knut Knutsen OAS», på 24.000 tonn. Denne båten gjekk då fast mellom Persiske Gulfen og Europa.

Dette var nok ikkje den mest spanande ruta for ein ungdom, så Einar fekk hyre på ein ny båt. Etter ei tid, kom denne båten til USA og Baltimore.

Einar hadde berre tenkt seg ei kort tur til sjøss, for å tena litt pengar, og så ville han heim igjen for å gå meir på skule. Slik hadde far hans, Magne, sagt han måtte gjera. Men slik vart det ikkje.

Den nye båten kom til Baltimore, og her mønstra Einar av, og fekk seg arbeid på Det Norske Sjømannshjemmet.

Det vart ikkje noko heimreis, og meir skulegang for Einar, for der møtte han ei søt jente på 16 år, som heitte Karin. Einar seier at hadde han ikkje møtt henne, hadde han vore ungkar heile livet.

Karin, som var tysk/latvisk, var kome som flyktning frå Tyskland då ho var 12 år. Dei fekk eit godt auga til kvarandre, og etter ei tid vart dei gifte. Dei fekk etter kvart 3 ungar, 2 jente og ein gut. Diverre er det nå berre ei av døtrene som lever, men ho har heldigvis gitt Einar 2 barnebarn, så generasjonen fortset.

Med familie, fekk og Einar behov for meir løn, så han fekk seg ny jobb hos ein skipshandlar. Etter 6-7 år der, var han klar for anna arbeid. Nå fekk han jobb i eit malefirma - noko slik som Halvorsen - der han vart verande i 7 nye år. Der arbeide det og andre norske. Dei hadde ein grekar som sjef, og Einar skryt veldig av desse folka.

Men nå hadde Einar vorte lei av å arbeida for andre, så han starta likegodt eit eige firma med maling/tapet; **SK QUARE COMPANY**. Dette var eit gildt og godt arbeid, med 1-4 tilsette i starten. I den beste (eller kanskje verste) tida, hadde han 50 mann i arbeid. Men det meir normale var 25-30. Dette var travle, men gilde tider, til han pensjonerte seg for nokre år sidan.

Einar har alltid både vore van med - og likt det - både i arbeid og fritid, å vera i aktivitet. Og nå som pensjonist, har han heller ikkje mange late dagar. Han er eldst levande medlem i ein Norsk/Amerikansk klubb i Baltimore. Han var og medlem i Sons of Norway i Baltimore frå 1961, som då var den største i landet. Men den er nå nedlagt.

Einar var med i gutemusikken på Varhaug, der han spela kornett. Dette heldt han fram med, og har spela i korps i Baltimore heile tida. Han fortel at han gjekk glipp av to øvingar mens han nå var heima på Varhaug. Tidlegare var han og aktiv i den lokale kyrkja i Baltimore, men den har og vorte nedlagt.

Einar skulle nå berre vera heime ei veke, og det har vore ei travel vek for ein 85 år gamal mann.



Bilde av meg saman med styraren på Sjømannshjemmet då; Calle W. Refsland frå Stavanger.

Men Einar er lett på foten, klar i hovudet og snakkar norsk som det er noko han gjer klar einaste dag. Veldig imponerende.

I tillegg til Svanhild sin bursdag, har det vore ei mengd familietreff. Einar klaga over at han kom nok til å leggja på seg denne veka, for det var så mykje god mat overalt. Han hadde fått blod-komla, og eg var saman med han og år spekemat, der han sette stor pris på fenalåret.

Ei mimrestund på Lerbrekk med gamle skuleelevar, slik som sist, har det sjølvstøtt vorte plass til.

Til og med filmen om mjølkekøyringa før i tida, fekk han med seg, i tillegg til ein kaffikopp hos bygdekvinnelaget.

Trur nok det har vore ei minnerik veke, med mange inntrykk som kan vera gode og gilde å ha med seg tilbake til Karin, som ventar i Baltimore.

Eg lure på koss det var og er å koma tilbake til Varhaug etter så mange år i USA. Det var jo ein stor overgang å koma frå litla Varhaug på femtitalet, til Baltimore med 750.000 innbyggjarar. Mens folketalet på Varhaug har auka med åra, har det minka i Baltimore, der det nå bur vel 500.000.

Einar seier det går mest ikkje an å kjenna seg igjen for kvar gong han er heima, med den første reaksjonen hans var: «Kor he adle grusvegane vorte av?»

Takk til Målfrid, som meinte at dette burde eg skriva litt om i Varhaugbuen.

Liv



KOM MAI DU SKJØNNE MILDE

For ein strålende start me fekk på mai. Det er nesten ikkje til å tru at me skulle få så mange dagar med fint ver. Ja, endåtil fekk me kjenna smaken av sommar-varme. Endeleg er det råd å få gjera vårvinna på rimeleg vis. Eg gled meg på bøndene sine vegne. Me som er så heldige og bur på Varhaug, ja, me bur midt oppi matfatet på Jæren. Det går ikkje an å få det betre. Alle treng me mat, og skal bøndene få dyrka mat må me få passeleg dose med godt ver og gode vekseforhold. Det er ikkje berre å trykke på ein knapp så ordnar alt seg.

Eg trur ikkje folk flest tenkjer over korleis alt heng saman. Det er jo berre å gå på butikken og kjøpe det me treng. Men faktisk er det ikkje så enkelt. Nå i mai det ikkje meir norsk kålrot att å få kjøpt og den nye kjem ikkje før eit godt stykke ut i juni. Norske poteter minkar det og på. Me er diverre ikkje sjølvforsynte med den maten me treng. Me er avhengige av at det blir dyrka mat på den jorda som er brukande til slikt. Dyra som skal produsere mjølk og kjøtt er avhengige av nok fôr. Me treng både poteter, grønsaker og frukt som er dyrka i Norge. Me treng bønder som er villige til å produsere mat og som greie å tene pengar på dette.

Naturen berre sprett ut. Trea som ser så trøtte og triste ut i april dei sprudlar i mai. Blomar og buskar får fram si finaste prakt. Fuglane syng og trallar og

byggjer reir. Skjora kavar med for store kvistar som ikkje vil leggja seg heilt til rette høgt i grantrea. Mykje ramlar ned rundt der ho kavar. Svalene kjem og skvaldrar på låvemønet og på den elektriske leidningen inn til huset. Sauer, lam og kyr kjem ut på beite. Dagane blir lenger og lenger. Heile naturen har fått på festdrakta på berre nokre få dagar. Kan det verta betre?

Mai er ikkje berre vårvinna. Mai er festmånaden framfor nokon annan. Det er tida for konfirmasjonar, frigjeringsdag og grunnlovsdag. Det er mange grunnar til å ta på seg festdrakt og bunad, og til å heise flaget. Me har mykje å gled oss over og feire. Sjølv er eg født i mai, så då er det endå ein grunn til å feire. Rett nok er eg visst ei eldre (gamal) dame. Men ikkje alle opplever å bli så gamle.

Vidar Sandbeck seier det slik i eit av versa i Menuett i mai:

«Det er ongdome og det er drømmer, det er lengsel i alle gjømmar, sjå det gjynger, sjå det gjynger i en fin menuett. Det er sammar i vente, det er lykke å hente. Det er livet som forærer deg en blomebukett.»

Når du les Varhaugbuen er våren gått over til sommar. Grip dagen og nyt sommaren.

Brit Obrestad

4H-DAGEN PÅ JÆRMUSEET



Alle 4h-klubbene i Hå samler seg for og lage en kjekk dag på jærmuseet. Dette året var det den 21. april Svala hadde bålchips og frisbeegolf i skogen med jærmuseet. Vi hadde med bålpanne og poteter. Barna fikk være med og kutte og steike og fikk etterpå smake på bålchipsen, eller kastet frisbee. Det var en kjekk dag med mange medlemmer som var innom den dagen, og mange andre.



Under open himmel

30. april - 1. mai sov ca 30 medlemmer under open himmel i hengekøye i sveine-skogen. På tirsdagen hadde vi aktiviteter som flaskebowling, øksekast, kims lek osv. Vi grillet og poppet popcorn, det ble en kjekk kveld og en god natt.



Under Varhaugmarken skal Svala 4H ha ansiktsmaling, melkeku og ellers mange aktiviteter utenfor Bygdahuset

Sondre Risa Aanestad
Leder, Svala 4H





VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 88, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER • REPRASJONER

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

PER KJARTAN VEGGELAND

Er namnet på den nye presten vår, og Varhaugbuen har hatt ein liten drøs med han.

Veggeland er 42 år, og bur på Vigrestad, saman med kona Marie og dei 4 borna; Luna 11 , Isak 8, Jacob 6 og Naomi 3 år. Dei bur i huset dei kjøpte usett i 2016, sjølv om han ikkje hadde noko relasjon i Jæren.

For oppveksten hadde Veggeland på Madla, men ferdig med skulen for han til Oslo for studium. Der vart han verande i 12 for utdanning og arbeid. Han startet prestegjeringa i Bærum som prostiprest, og siden var han i Sagene og Iladalen et år. Kona Marie overtok en blomsterbutikk i Oslo sentrum, og etter en stund ble hun og Per medeiere i to andre butikker. Da gikk såpass mye av fritiden til Per med på å hjelpe til med butikkdrift at han sluttet å jobbe som prest noen år for å jobbe fulltid med butikkdrift. I 2016, da de to eldste barna fortsatt var under skolealder, valgte familien å vende vestover til Rogaland. De rakk så vidt å kjøpe huset på Vigrest, før han reiste til Florida høsten 2017 som sjømannsprest. Der vart han i heile 5 år.

På desse åra har han fått med seg mykje, som nok kan vera ei god ballast i jobben som prest. Og kanskje tenkte han at nå var han vorte så vaksen, at det var på tide slå seg litt litt ro, både for seg sjølv og ikkje minst med tanke på ungane sin skulegang.



Veggeland seier han føler seg vel motteken i bygda, og har funne seg vel til rette både i kyrkja og på kontoret.

Den siste tida med mange konfirmasjonar har vore ei ekstra travel, men veldig gild tid, som han er takknemleg for å vera ein del av. Og mykje folk har det vore i kyrkja desse konfirmasjons sundagane, 15-1600, og det er ekstra gledeleg.

Men Veggeland er og ein vanleg familiemann, med hus og hage som treng stell, og ungar som skal fylgjast opp. Så det er ikkje sikkert det vert så mykje tid til hobbyane som er fotball og fiske.

Men kva han enn gjer. Så ynskjer Varhaugbuen han varmt velkommen til bygda, og håpar me kan få ein drøs ved eit anna høve og.

Liv

LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB

Lensmannsløa ungdomsklubb er ein god stad å være. Det er høge besøkstall, men nå i mai så trap- pes det alltid litt ned, men vi venter eit stort innrykk når det kjem nye 8. klassinger. Det mykje jilt som blir gjort på klubb, negledesign, musikk, gaming, brettspill og mykje godt drøs og vas. Me he knall god gratis mat som June Stensland disker opp med veke etter veke. Læringer som trør til med jille aktiviteter som passer for dei aller fleste. Me er så heldige å

få ha valgfag elevar som lager kaker og dessert kvar tysdag. Tusen takk til natteravnerene som kjem innom kvar tysdag.

Løye kva me kan få til av litt linseveske, lim og barberskum. Noko læringen vår Sandra Kristensen har lært seg.

Annette Jensen Gimre

I Varhaugbuen nr. 1/2019 hadde Sjur Håland eit lengre intervju med Liv i samband med at ho skulle bli 80 år 6. april 2019.

Det er nå 5 år sidan, så dama har passert 85 år, og er framleis redaktør av Varhaugbuen. Eg vil med dette retta ein stor takk til Liv for at ho framleis held på med dette. Sjølv om Liv har lett for å skriva og lett for å koma i kontakt med folk, så gjer det seg ikkje heilt av seg sjølv å få til eit blad med mykje interessant stoff om det som rører seg i bygda vår. Det er mange brikker i eit puslespel for å få til eit blad med så mange sider. I leieren i same blad hadde ho eit hjartesukk då stoffristen gjekk ut at ho mangla det meste frå dei faste skrivarane. Berre det å setja seg ned og purra etter stoff tek tid. Og som ho sa den gongen, så har ho andre ting og som skal gjerast med det ho framleis er engasjert i. Det er til å ta «hatten av» for alt ho får til. Eg blir imponert kvar gong eg blar opp i bladet.

HURRA FOR REDAKTØR LIV

Liv har ymta frampå i bladet at ho ynskjer avløyning, men det ser ikkje ut som at nokon vågar å ta over. For oss som er vant med at Liv får dette til, ja, så er det greitt. Men med 85 år veit ein aldri kor lenge energien held seg.

Lukke til vidare, Liv. Du er fantastisk!

Brit Obrestad



Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvennelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Malmin -

Bygdeungdomslaget

Gro Bratland - Bygdekvennelaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -

Vennelaget for Lennsmannsløa





Elevane på biletet er: Øverst f.v.: Gudrun Elise (Nord-Varhaug) Ånestad, Hans Georg Jelsa, Eivind Varhaug, Svein Håkon Framnes. Nederst f.v.: Oddbjørg (Hobberstad) Maudal, Gjertrud Edith (Lerbrekk) Hobberstad, Mary (Ånestad) Lervik, Klara Reime Ueland, Judith (Bjorland) Mosland, Ingebret Gausland.

KLASSETREFF 2024

Torsdag 25. april 2024 hadde elevar fødte i 1941 og 1942 klassetreff. Alle hadde gått saman på Lerbrekk skule

Hans Georg Jelsa - «Goggen» frå Varhaug - som no har gjort Sandnesbu av seg, hadde bede inn til trefet. Fått hjelp av Gjertrud, som skulle vera sekretær, og funne ut at det no var 14 elevar som levde og skulle takast kontakt med.

Alle me kontakta var veldig positive og dagen me hadde funne og føreslo passa alle. Så då var det berre å gleda seg.

Då dagen kom enda det med at ti stk møtte. Det hadde i mellomtida kome ymse ting til slik at alle ikkje kunne koma likevel.

Men me som møtte me «kosa oss i ein hau».

Goggen serverte pizza og rullekake og drøset gjekk rundt bordet. Alle fortalde litt frå livet sitt og tida gjekk. Plutseleg hadde me vore saman i over fire timar, som berre forsvant i det blå. Det vart tid for å seia «ha det for denne gongen».

Takk til «Goggen» for gjestfriheten og serveringa. Dette sette me stor pris på.

Vonar det ikkje vert så veldig lenge før me kan treffast att - ein eller annan stad.

Gjertrud Edith Hobberstad
ref



ONGALØBE

FREDAG 31.MAI



Registrering og Start/mål:
Stasjonsvegen, Varhaug
kl.1715

Løpet er delt opp i 4 aldersgrupper:
2011-2013
2014-2016
2017-2018
2019-2024



Pris:
Barn 20 kr
Familie 50 kr
Betales på vipps 43600
Velg kategori: "ongaløbe"

Medaljeutlevering og premie til alle!



R.SKRETTING A.S



TJEMSLANDSMARKA INDUSTRIOMRÅDE

Denne er for tida litt meir enn det namnet fortel. Nå kan me nemleg levera hageavfall der, og slepp å ta turen til Pytten. Etter at det vart slutt med å ha slikt avfall i den brune dunken, vart det eit problem for mange, sidan me ikkje fekk ein ekstra dunk til dette. Men nå har kommunen vore greie og hjelpt folk ut av den knipa. Takk til dei dette opplegget! Liv



Då eg var oppom for å ta eit bilde, kom akkurat Håvard Skretting med noko han hadde rydda i hagen. Noko motvillig fekk eg han med på bildet. Liv

SYNESVARDEN PÅ KRISTI HIMMELFARTSDAG: GUDSTENESTE I GRÅTT



Om lag femti personar kom til Synesvarden på Kristi himmelfarts dag (12. mai) for å vera med og feira gudsteneste på føremiddagen. Dei kom frå dei fleste bygdene og kyrkjelydane i Hå kommune. Det vart ei grå oppleving, sidan heile landskapet var godt pakka inn i ei tjukk skodde med litt yr og regn attåt. Heldigvis ikkje mykje vind. Men elles: Null i utsyn!

OM LAG FØRTI ÅR

Tradisjonen med gudsteneste der oppe på denne dagen er bortimot førti år. Det var midt på 1980-talet ein drog i gang. Sidan har det vore tillyst gudsteneste kvart einaste år. Men det har også hendt to tre gonger at det har vore avlysing på kort varsel grunna været.

I år var det prosten på Jæren, Lars Sigurd Tjelle, som forretta. Det vart ei fin stund. Folk sat på sitjeunderlag på bakken, eller direkte på steinar. Nokre valde å stå. Tre fire samla seg under ein paraply. Ytre sett gjekk det fint og roleg føre seg. Me fekk både pre- og postludium ved musikarane Kåre Sigmund Undheim og Torvald Tjøland. Det var salmesong, tekstlesing, preike over teksten for dagen i Lukas 24, forbøn og velsigning, ja endåtil nattverd. Trur ikkje eg har opplevd det på Synesvarden før.

Det som gjekk ut, var kollekten. For ikkje var det kollektbøsse, ikkje VIPPS-nummer, og ikkje visste presten kva kollekten skulle gått til heller! Me vart varmt anmoda om å gje raust ved seinare høve. Ei anna sak er at det kanskje også ville vore vanskar med internett og dekning der oppe i heia!

FRÅ AUST OG VEST

Etter gudstenesta var det somme som fann fram termosene og nistepakka, og vart verande ei lita stund til. Men dei fleste gjekk ned att nokså fort etter postludiet. Mange hadde Holmavatn som utgangspunkt. Men det var også ei gruppe som kom frå aust, frå Kartavoll. Stien er godt synleg og tilrettelagt frå begge sider.

Det gjev elles litt bibelske assosiasjonar å samlast på eit fjell, eller i det minste eit høgdedrag slik som Synesvarden. Både Bergpreika (Matteus kapittel 5-7) og opplevinga på fjellet som er skildra i Matteus 17, kan ein tenkja på når ein samlast slik.

De er varmt velkomne att neste år, sa Tjelle samtidig som han lyste velsninga over oss.

Alt vert mykje seinare neste år enn i år.

Noter gjerne datoen - 29. mai 2025!

Paul Odland, tekst og foto







EIT GILDT SENTRUM

Eit gildt sentrum. Eg tykkjer me har fått eit gildt og fint sentrum, der det gamla handelslaget låg. Nå er det grøn plen, grønne fine tre, og bord/benker der me kan setja oss ned. Og så ein sjørøvarbåt i tillegg, som ungane kan kosa seg med. Og her kosa både Varhaugsfolk og gjester seg i sola. Varhaugbuen nytta sjølvstekt høves til ein drøs.



Familien Olav Einervoll og kona Tiril Kristoffersen hadde besøk av bror hennes Kjartan og kona Anne Kirsti med ungar frå Kongsberg denne langhelga i mai. Og nå sat dei og meska seg med noko godt frå Skrettingen, både pannekake og farse gjekk unna hos alle, og ungane fekk ein pause i leiken.

VARHAUG MARKEN

TRENINGSTILBUD 31 MAI TIL 2 JUNI:

**MELD DEG INN ILA
HELGA OG TREN
GRATIS HELE
SOMMEREN****

**gjelder alle medlemsskap med avtalegiro
(NB! ikke FF-medlemsskap/tren sammen).
Første trekk etter gratis perioden er 20/8.
Bindingstid starter etter gratisperioden.

BLI MEDLEM



Pulsen
VARHAUGS
He du puls, he me trening!

OVER HALVE BYGDA MØTTE!



Ja, slik var overskrifta i Jærbladet 12. april, med ein kavalkade av bilde frå den store dagen då Viking gjesta Varhaug til cupkampen 2 dagar tidlegare. Og opninga av kampen var på høgde med dei store i utlandet, med grøne bluss (sjølv sagt var dei grøne) framføre spelarane, då dei entra banen.

Resultatet treng me ikkje seie meir om. 5-0 til Viking for kanskje som venta, men eg tykte bere Varhaug

var vel uheldige i staren. Men om me ikkje vann på banen, så gjorde me det med publikum og alle dei frivillige. Her skulle i alle fall ingen gå svoltne heim, for det var råd til å få gode Skretting-pølser overalt. Og med 2500 frammøtte, gjekk det ein del av dei. Og blide seljarar fann me overalt.


Ein gild dag på Iden i flott ver.
Liv.



**HERREDSVELA
TRANSPORT**



TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Nytt frå Lerbrekk



Torsdag den 14. mars 2024 hadde Vennelaget Lerbrekk årsmøte på Lerbrekk skule. Leiar Sigbjørn Varhaug kunne ynskja vel møtt til om lag 40 personar som hadde funne vegen til Lerbrekk denne kvelden.

Me starta med å syngja «No livnar det i lundar» og «Den første løvetann». Deretter heldt leiaren ein minnetale over dei 5 medlemmane som var gått bort i løpet av året. I løpet av dei 27 åra som Vennelaget har vore, har eg halde minneord over 81 medlemmer som er gått bort, sa Sigbjørn. Deretter song me «Himmelske Fader».

Leiar Sigbjørn Varhaug las ei fyldig og god årsmelding for året 2023. Gjesteboka fortel at minst 1934 har besøkt oss i 2023. Det er ikkje alle som er inno som skriv seg i boka. Dette fordeler seg på 2 barnedåpselskap, 6 gebursdagar, 1 bryllaupsfest, 4 konfirmasjo-

nar. 4 minnesamvær, 4 sundagskafear, 5 familie-/slektstreff. Me hadde årsmøte i mars, grillkveld i august og graudafest i desember. Det har også vore laga til samkome for ei gruppe frå Velferdssenteret og for ei gruppe frå Klokkekarhagen. Det vert lagt ned mykje dugnad for at alt skal fungera. Skulen og området rundt syner at det blir tatt godt vare på. Takk til alle som er så villige både med vasking, ugraskamp og plenslått, lefsebaking, servering og kafé og alt anna som høyrer med.

Kasserar Brit Obrestad las opp rekneskapet som syner inntekt kr 125.235 og utgift kr 127.553. Laget har solid eigenkapital. Både årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknad.

Olav Husveg frå valnemnda tok seg av valet. Dette er lett, sa Olav, for alle som er på val ynskjer å fort-



sette. Styret for 2024 er: Sigbjørn Varhaug leiar, Brit Obrestad kasserar, Oddvar Ånestad, Dag Varhaug og Ingunn Reiestad. Vararepresentantar Aud Torunn Hobberstad og Sissel Roa Hobberstad (ny).

Revisorar: Ingvar Reiestad og Øystein Bratland. Valnemnd: Olav Husveg, Arnstein Skretting og Per Egil Dubland.

Så var det tid for kaffi, påsmurde skjever og lefse. Etter matøkt og songen «Gud signe Noregs land», var det tid for kvelden gjest, Odd Dubland. Han snakka litt om kristninga av Norge med bakgrunn av 1000 års jubileum for Mostratinget der kristenretten vart setla.

Utanfor kysten av Nord-England ligg ei lita øy som heiter Lindisfarne. Dette var kjent i tidleg middelalder som eit viktig senter for kristninga av Nord-England. Her var det eit kloster som vikingane plyndra i år 793 og dei fleste munkane vart drepne. 20 keltiske misjonærar kom til Norge og alle 20 vart martyrar.

Tinget på Mosterøy ville setla kristenretten i Norge. Den vart vedteken av Olav den heilage på Moster i 2024. Alle må over til kristendommen. Det vart nye lovar som folket måtte retta seg etter. I Bibelen står det at Gud gjer ikkje skil på folk. Dette var ikkje lett for ein vikingkonge å rette seg etter. Det var framleis slaveriet som rådde i Norge. I vikingtida var 25 prosent av folket slavar. Erling Skjalgsson hadde 30 trælار. Det tok 200 år før træletida var over. At sundagen vart ein fridag var særst godt for trælane. Kvinner skulle ikkje lenger tvingast til å gifta seg. Og det var ikkje lenger tillat å setja ut ungar dei ikkje ville ha. Alle måtte læra seg Fader vår og truvedkjenninga.

Som takk til Odd Dubland for det han delte med oss fekk han ein orkideplante.

Det var så tid for trekning av planter og fruktkorger.

Til slutt song me «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting, og leiaren ynskte alle vel heim.

Underteina er fast kapellmeister og trør orgelet til songane.

Brit Obrestad

Vaskedag

Også i år måtte me ha litt ekstra vask av vindauga. Sidan mai er tid for konfirmasjonsselskap er det godt å få unna litt ekstra reingjering i april. Sigbjørn og Astrid starta ein dag det var godt ver med å lufta alt i lærarstova og ta ein grundig vask der. Me kjende grønsåpelukta då me kom på styremøte måndag den 8. april. Resten av storreingjeringa var fredag 12. april. Då vart det servert lapskaus og sviskegraut til vaskegjenen.

Grillkveld

Det vert grillkveld torsdag den 1. august kl. 17.30. Som vanleg blir Agnes og gjengen hennar med og spelar, og det blir ein god del allsong. Sal av grillmat, kaffi og kaker. Alle er velkomne til ein gild kveld på Lerbrekk.

Sundagskafé

Det vert sundagskafé søndag den 1. september og søndag den 6. oktober kl. 14 - 17.

Filmkveld

Melkerampefilmen blir vist fram torsdag 26/9 2024 kl. 19.00. Etter filmen blir det sang, kaffi og kaker.

31. MAI - 1. JUNI 2024

Varhaug- marken



FREDAG 31. MAI

- 16.00 Åpning av Marken. Boder Åpner
Mange utstillere med både nye og gamle.

Arvid Mæland kommer innom årets marken.

Elgane har rigget egen bane slik unger kan
prøve seg på motorsport.

STOR hoppepute på 10x10 meter
- 17.15 Ongaløpet
- 17.45 Oppvisning v/drillpikene på Nærbø
- 18.15 Trylling og diverse v/Ray Speedy
(Spesielt tilrettelagt for barn)
- 20.00 Marken slutt for i dag

Glafredagsteltet åpner

LØRDAG 1. JUNI

- 08.30 -09.30
Gratis frokost sponset av Q- Meieriene,
R. Skretting, Spar, Coop Extra og Bygdekvinnelaget

Jærbelgen spiller under frokosten.
- 09.00 Bodene åpner

VM i sjakk v/Rådhuset
- 11.00 VM i Farseeing v/R. Skretting
Påmelding egen info
- 12.30 Varhaugmilå
- 13.45 trekning av premier til Varhaugmilå

Trekning av konkurranser fra stander
- 15.00 Marken Slutt. TAKK FOR I ÅR.
- 16-00 – 02.00
Konsert ute v/Busserulls.

General
sponsor



HELLA
MASKIN AS

Hoved
sponsorer

FJØSSYSTEMER
Skredder og design teknisk



SpareBank 1

ODLAND AS
FORSKALING OG STØYTING
4360 VARHAUG



TOTALENTREPRENØR
JÆR
TRE AS

sponsorer



STRIKKETUR TIL KRISTIANSAND



Tradisjonen tru, reiste Varhaugsdamer på Strikketur til Kristiansand.

Det var 28 damer som reiste 11. april.

Sjølv om det heiter strikketur, må ein ikkje strikka heile turen. Det er mange som bruker togturen til å drøsa eller bare slappa av. Vi var heldige med været, så nokre rundar i Markens var det på dei fleste. Folk var flinke og kom over mange gode tilbud. Dei 6 timane i Kristiansand blei avslutta med felles måltid på restauranten «Hos Naboen». På heimturen var det ein liten basar der dei heldige vant forskjellig strikkeutstyr. Og som vanleg var toget heim forsinka med ein time. Det gjer ikkje så mykje i godt selskap.

Astrid Skretting



DÅ TUNET CATERING VART HOFFLEVERANDØR

Kanskje er det einkvan som ikkje kjenner til denne cateringen. Eg har skrive om dei før, og du finn dei på Tunet brukarstyrt senter. Eg har nytta mat frå dei ved fleire høve, mellom anna på årsmøtet til Varhaugbuen.

Men nå er dei altså vorte Hoff leverandør. Kronprinsesse Mette Marit skulle gå pilegrimstur frå Egersund og utover Jæren i sommar. Og dei kongelege treng og mat.

Hoffet hadde teke kontakt med ordførar Bjorland, om det var stad ei kunne få noko å eta undervegs. Ordføraren hadde nemnt Tunet catering, og slik kom det i boks.

Det kongelege fylgjet hadde først overnatting på Oгна camping, og her fekk dei middag og frukost frå Tunet. Seinare overnatta dei på Huset ved havet på Varhaug, og her leverte og Tunet middag og frukost. Og middagane var kylling og laks, som begge var kortreiste, og kom frå området her.

I tillegg til desse måltida, laga Tunet nistepakke til dei kongelege. Mette Marit hadde sagt at det skulle berre vera vanleg enkel mat, slik som skive med leverpostei og agurk. Og ei av skivene i nistepakka, var nett det.

Som ein ekstra takk frå Hoffet og kronprinsessa, fekk Tunet ei fin skål til å ta te-lys oppi, med signatur **MM.**

Gildt for dei tilsette på Tunet å få eit slikt oppdrag, og detter er noko dei kjem til å huska lenge.

Liv





Foto: Hilde Eidsaa Bjorland



DEN ELDSTRE LANDHANDELEN I ROGALAND

Då Jærhatten nyleg hadde ein tur til Stord, hadde me ein grei sjåfør som på vegen dit gjorde eit gildt stopp.

Me køyrde innom Slåttevik, og den eldste landhandelen i Rogland, der 5. generasjon Jørgensen, Ingunn Bårdsen, nå driv butikken. Ho sa framtida og såg lys ut, for det såg ut som sonen ville ta over butikken når ho «la inn årene».

Litt historie om denne landhandelen:

Det var ikkje heilt enkelt å starta butikk i 1851, og Thomas Jørgensen var den tredje som prøvde seg, og lukkast. Han var kremmar, han hadde lært seg yrket i Stavanger, og var fast bestemt på å starta med handel i Slåttevik. På den tida var det berre byane som hadde monopol på å driva handel, og Slåttevik var då ingen by. Vegane var ikkje noko tess, men Slåttevik hadde kai, så då var alt enklare.

Med underskrift av statsministar og sju statsråder, fekk Jørgensen endeleg det kongelege løyvet og kunne starta opp. Men det var likevel eit krav til dette løyvet. Jørgensen måtte kunne tilbyd losji og alkoholservering til utanbygd's gjester. Men det var ikkje lov å servera alkohol til bygdafolket.

Handelen gjekk godt, og til Slåttevik gjekk rutebåten. Og her var det både bank, post, bakeri og meieri.

For folk i det sentrale Tysvær, var det Stavanger ein måtte til. Det var lite med vegar, og Haugesund hadde den gongen lite å seia for Tysværbonden.

Tykte det var eit gildt stopp på vegen til Stord, og tenkte at på Hobberstad hadde det vore noko liknande. Her var det og post, bank og landhandel, vissnok den einaste mellom Eigersund og Tananger. Eg får laga dette til ei ny oppgåve for meg sjølv til neste blad; «Landhandelen på Hobberstad».

Liv

LITT FRÅ 17. MAI

Gildt av Nærbø å koma både med drilljenter og korps. Det er ikkje 17. mai utan korpsmusikk.

Liv



FOTOKLUBBEN



Frå toppen:

- Bård Grøddaland
- Gunvor Bjorland
- Rune Scheie
- Gunvor Aamodt

Då me valde kapellet som «logo» for bladet, hadde me og med første verset av Elisabeth Reiestad sin song «Den gamle kyrkjegarden»:

Det ligg ein kyrkjegard ved hav

I still og einsam ro,

Og graset legg om namnlaus grav

Ein gløymsleklednad god.

Men ein og annan merkestein

held fast eit minne enn

der vakt han står om deira bein

som levde i vår grend



ALT DET LØGNA EG FÅR VERA MED PÅ ...

Tidleg i april, fekk er beskjed av Elin om å halda meg klar den 30. april. Ho og Norodd var invitert av Arvid Mæland til premiere-kvelden for den nye filme om han.

Arvid hadde sagt at eg og måtte vera med, og at eg måtte ha på meg den finaste hatten eg hadde.

Eg vart henta av Elin/Norodd kl. 18.00, og snart var me på Bryne. Om eg hadde den finaste hatten eg har, veit eg ikkje. Men sidan det var litt vind, hadde eg teke ein liten ein. Og både Norodd og Eling hadde hatt, ho i ein ny cowboy-modell. Dette treng eg nok ikkje gå nærare inn på, for Jærbladet tok bilde oss før me kom inn på den raude løparen utanfor Storstova. Det var veldig mange av dei frammøtte som hadde hatt. Om det var eit ynskje frå Arvid, eller dei berre gjorde det sidan han alltid går i hatt, er ikkje godt å seia.

Dette vart nå litt meir enn berre filmen. Det var helsingar og presentasjon av dei som hadde laga filmen mm, og det var song av Ivan Storm Juliussen.

Eg vart sitjande ved sida av tidlegare ordførar i Bjerkreim, og hamne då i »skotlina» til fotografen frå Dalane.

Da alt var ferdig i Storstova, bar det over til Hvelvet. Her stod marsipankakene nærast i kø, og tok imot oss. Så det var berre å forsyna seg, og ein kaffikopp attåt, var det og mogeleg å få.

Så her vart det mingling og drøs med mange, både kjente og ukjente fram mot midnatt. Arvid hadde nemleg bursdag 1. mai, og me måtte jo vera med og synga for han før me gjekk heim.

Men me gjekk forbi Thime Station på veg til bilen, så det vart ein liten stopp her og. Så vart det meir mingling og drøs, og me møtte igjen mange me hadde snakka med tidlegare, både i Storstova og i Hvelvet.

Såg ikkje ut som nokon reagerte på at ei eldre dame var på puben. Eg fekk forresten mange kommentar med «Så flott hatt du har». Og det er alltid gildt å høyra, når ein er medlem i Jærhatten.

Trur klokka var 02.00 då eg vart sett av heima. Då var eg så full av inntrykk frå kvelden, at eg måtte sitja litt for meg sjølv i mørket, før eg gjekk til sengs. Ikkje verst å få med seg noko slikt, når ein har vorte 85 år.

Liv



Foto: Jærbladet

KS-MEDALJEN

Såg i Jærbladet nyleg at Terje Mjåtveit hadde fått denne medaljen. Då eg aldri hadde høyrte noko om denne medaljen, måtte eg jo lesa vidare. Då fann eg ut at det ikkje var så rart at dette var heilt ukjent for meg, for det var ingen andre frå Hå som hadde fått slik ære før.

Medaljen vert berre gitt til politikar som har meir enn 24 år bak seg i kommunestyret. Då var det sandeleg på høg tid at Terje fekk denne, for han har 40 år bak seg i kommunestyret, der heile 32 av desse er i formannskapet. Han var ordførarar i 8 år, og gjorde ein gode jobb for heile kommunen, noko me i dag ser framifrå spor etter.

Varhaugbuen ynskjer Terje til lukke med denne utmerkinga, og reknar med at han framleis vil koma til å markera seg i polotikken.

Liv



Terje Mjåtveit. Foto: Håvard Ovesen, Jærbladet

En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

 **jæren**
sparebank

UNGDOMSRÅDET OG UNGDOMSKLUBBANE I HÅ TIL UTØYA

7. til 10. april så reiste Ungdomsrådet og Ungdomsklubbane i Hå til Utøya for å delta på «Stopp Hatprat» samling. «Vil du bli betre på å handtere og svare på hatprat?» heita samlinga vi var med på. På samlinga lærte vi korleis ein skal bli tryggare på å gjenkjenne hatprat og vi fekk gode verktøy til å handtere hatprat i vår kvardag og lokalmiljø. Resultatet blei at vi laga ein handlingsplan for eit endringssprosjekt som vi skal teste ut blant ungdom i Hå kommune.

Deltakarane som reiste frå ungdomsrådet var Thilde Skretting (leder), Avona Sofie Haugen, Brede Sola Gimre, Lasse Vollevik, Salwa Dahalan og Annette Jensen Gimre (ungdomskordinator)

Stop Hatprat er ein internasjonal ungdomsbevegelse for menneskerettigheter og mot hatprat som har vært i over 40 land. Bevegelsen blei starta av Europarådets ungdomsråd etter terrorangrepene 22.juli i regjeringkvartalet på Utøya for å ta eit oppgjør mot hatideologier på nett.

Me reiste med fly til Oslo, tok buss til ferjekaien og ferja MS Thorbjørn til Utøya. Øya var åstad for ei av

dei verste hendingane i norsk historie. Det gjorde inntrykk, men Utøya er meir en 22.juli.

Me fekk omvisning den aller første dagen.

Ho fortel historier om vikingkongar, sjørøvarar og om munkar som brukte Utøya som urtehage. Ho fortel om Utøya som feriekoloni. Utøya som tilhaldsstad for den russiske revolusjonsleiaren Leo Trotskij. Utøya som nazileir under krigen. Men mest av alt fortel ho om Utøya som politisk sommarleir for AOF

Guiden tar oss med inn i kafébygget. Her vart 13 personar myrda den 22. juli.

Så vidare til Lille- og Storesalen, den står meir eller mindre urørt sidan den dagen. Veggane er fulle av kulehol. Bak eit piano ligg fleire visne blomar, hjartesteinar og bilde av smilande ungdommar. Desse romma viser dei umoglege vala den dagen. Skulle dei ta til høgre eller til venstre? Skulle dei gøyme seg på toaletta? Dei var jo sikre dødsfeller, med ingen fluktveg. Eller skulle dei gøyme seg til høgre bak pianoet? Dei som gøymde seg på toaletta redda livet. Seks personar vart drepne bak pianoet.



Salwa i gang med «Work Shop» som skal presenterast for elevvar på Varhaug ungdomskule

Det er likevel viktig for Utøya å også fortelje «den andre historia». Fokuset skal vere på menneska som har vore her, både før, under og etter 22. juli. Omvisinga skal ikkje følgje fotspora til terroristen. Før vi går inn på Kjærlighetsstien vart det difor fortalt ei koseleg historie om Thorbjørn Jagland. Om då han som ung mann på 70-talet sjarmerte ei av dei kvinnelege deltakarane rundt leirbålet på Utøya. I dag er dei framleis mann og kone. – Sånne historier er det mange av. Men Kjærlighetsstien er også ein av dei vonde stadane på øya. Her vart 11 personar skoten. Berre ein overlevde.

Vi går langs den korte stien. På venstre side går ei stupbratt klippe ned mot vatnet. Vi har allereie kryssa heile øya på berre eit par minutt. Det blir tydeleg kor lita ho er, og kor vanskeleg det må ha vore å finne gøymeplassar for 564 leirdeltakarar. Guiden fortelje nok ei historie om kjærleik, stien skal handle om kjærleik

Ho fortalte om to ungdommar som møttest på AUF-leir i 1958. Mot slutten av leiren braut guten seg inn på kjøkkenet og stal ein hermetikkboks med ananasringar. Han tok med seg jenta han hadde blitt forelska i for å sjå på solnedgangen frå Kjærlighetsstien. Så tok han opp ein ananasring og spurde om ho ville gifte seg med han. Ho svara ja. Seksti år seinare er også dei framleis saman.

Men me har hatt ein kjekk og lærerik tur, me blei kjent med fleire frå andre ungdomsråd i landet, grillet, badet og kost oss mykje. Lasse fant fram gitaren og det blei allsang rundt bålpanna.

22-24 November 2024 reiser Annette og 15 medlemmar i ungdomsrådet til Demokratiwerkstad på Utøya.



Ungdomsrådet: Thilde Skretting, Brede Sola Gimre, Avona Sofie Haugen og (bak) Lasse Vollevik

FOLKEHELSE PRISEN I ROGALAND 2024

BARN OG UNG I JULI

Dette er skikkeleg stas! Barn i juli og Ung i juli mottok mandag 13.mai Folkehelseprisen 2024 i Rogaland.

Nasjonalforeningen for folkehelsen deler hvert år ut ein folkehelsepris i hvert fylke, og i år stakk det populære sommarferietilbudet som me har på Hå kulturtorg i Hå av med gjev førstepremie.

I kriteria til folkehelseprisen står det at prisen bør gis til nokon som:

- Bidreg til sosial støtte, nettverk og aktivitet som skaper trivsel og livskvalitet
- Bidreg til gode nærmiljø
- Bidreg til inkludering og bekjemping av utenforskap
- Skaper generasjonsmøte og aktivitetar på tvers av generasjonar
- Har hatt stor betydning for folkehelsa og sosiale forhold i nærmiljøet

Ifølge styreleiar Hanne Eik, som delte ut prisen, oppfyller Barn/Ung i juli alle desse kriteria, og vel så det.

Eik frå Folkehelsa, som delte ut prisen er både imponert og stolt over arbeidet som blir drive. Dette er eit viktig folkehelsearbeid.

Leiar for Hå kulturskule, Ragnvald Wernøe mottok prisen, og nytta sjansen til å takka laget som står rundt og gjer sommarferietilbudet mogleg

«Ung i juli» blei starta av Hå kulturskule i 2019 og ungdomsklubbane i Hå.

Denne møtestaden utruleg viktig for folk. Og viktig for samfunnsbygginga. Kultur er viktig for alle som bur i kommunen, og kulturskulen er eit lim i kommunen. I år er det sjette året dei arrangerer Ung i juli, og femte året med Barn i juli.

«Barn i juli» blei starta i 2020, og er for barn frå 4. til 7.klasse. Det begynte med at Barn i juli flytta seg frå skulekrins til skulekrins i heile juli, men nå skjer det i vekedagane i Hå kulturtorg i heile juli på Nærbø.

Bakgrunnen for å starte opp disse gode tilbud var at dei såg eit behov for at barn og ungdom skal ha eit kjekt tilbud om sommaren. Behovet har vore der år etter år, og kulturskulen har henta inn midlar saman med kommunen og fleire eksterne aktørar, for å kunne vidareføre opplegget.

Eit tilbud utan krav til påmelding og med plass til alle. Sommarferien er lang for veldig mange barn. I løpet av dei fem somrane har tilbudet hatt innom 10.000 barn og unge.

På grunn av den store pågangen så utsatte frivilligkoordinator i Hå kommune, Merethe Elin Kvía ferien litt og satt i gang med å skaffa frivillige til å hjelpe til. Ho fekk med seg 20 stk på eit blunk. Det er en god dugnadsånd i Hå, dei frivillige trør til. Det er og med fleire unge som har sommarjobb, alle lærlinger som skal bli Barne – og ungdomsarbeidere arbeider nokon veker kvar. Dette året vært Barn i juli leda av Maren Ånestad og Ung i juli av Thilde Skretting - Annette Jensen Gimre og Ragnvald Wernø som bakvakt.

Me er kjempe stolte av prisen, det viser om igjen og om igjen at vi i Hå kommune løfter i lag. Tusen takk til Sirwan Saadun for nominasjonen.

Annette



Ragnvald Wernø – primusmotor og Merethe Elin Kvía – Frivillighetskoordinator i Hå. Foto. Maren Braut



Prosjektleder for «Alle med i Hå», Sirwan Saduun (f.v), ordfører Andreas Bjorland, prosjektleder Thilde Skretting, leder for Hå kulturskule Ragnvald Wernøe, styreleder i Nasjonalforeningen for folkehelsen Hanne Eik og ungdomskonsulent Anette Jensen Gimre. Foto: Hå kommune



INNSATS FOR ANDRE

Ungdomsskulen sin basar på Misjen 12. mars var særst vellukka. Her var det elevane som stod for heile arrangementet; dei hadde fått inn flotte gevinstar, dei ordna med åre-salet og trekkinga, dei ordna med mat og kaffi og dei hadde til og med ei framifrå opning av basaren. «De va goe!»

Inntekta av basaren skulle gå til forskning på CP - Cerebral Parese. Folk var rause og kjøpte godt med åre, og elevane fekk inn 16.400 (Eg vann og) Liv

I ÅR FYLLER LIONS NORGE 75 ÅR



Det er et trekvart århundre med dugnadsinnsats, innsamling og hjelp til både samfunnet og enkeltpersoner. Vi tør påstå at gjennom sitt frivillige arbeid har Lions bidratt til å gjøre Norge til et litt bedre samfunn. Offisiell stiftelsesdato ble 11. mai 1949, siden det var datoen klubben ble registrert ved kontoret i Chicago.

Lions Tulipanaksjon er en landsdekkende innsamlingsaksjon hvor pengene går til forebyggende arbeid for barn og unge. Dagen kalles også «Lionsdagen» ettersom vi da benytter muligheten til å fortelle om vårt frivillige arbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Lions Club Hå alene samlet inn over 110 000,- til forebyggende arbeid for barn og unge. Motto for aksjonen er: «**Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne**».

Mange bedrifter viser sitt samfunnsansvar gjennom kjøp av tulipaner og vaser som gleder både ansatte og kunder.

Med vennlig hilsen
Tor Harald Nordvik

STRIKKEKAFEEN PÅ LENSMANNSGARDEN



Fyste tysdagen i månaden mellom kl 17 og 18.30 inviterer Varhaug bygdekvinnelag til strikke-kafe på Lensmannsgarden.

Anny frå Idestova pleirer å vera med og visa strikkemodellar som er nye eller aktuelle for årstida.

Ellers går det i strikking, utvekslinga av erfaringar om diverse «spødd», drøys og kaffekos.

Personar som har delteke på språksprell har og vore med og det set vi pris på.

Det pleier å vera 15 deltakarar kvar gong. Arrangementet er ope for alle.

Det er ferie nå og oppstart igjen i september.

Astrid





**Bonde
Kompaniet**
Varhaug



Helgjødtsel 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



**Hage-
gjødtsel**
25 kg

599,-



Hagekalk
25 kg

179,-



Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no

DAGSTUR TIL RYFYLKE 13. JUNI



Varhaug bygdekvinnelag inviterer til dagstur til Ryfylke 13. juni. Vi besøker Årdal, Epleriet på Helgøy og OmCider på Hjelmeland. Avreise frå Varhaug kl 09.00.

Pris kr 1200 for medlemmer, kr 1400 for ikkje medlemmer. Påmelding til Astrid tlf 48048753.



ESSO'EN SKAL SELJAST

Eigarane av Varhaug Servicesenter AS, Lisbet og Frank Håland og Tone Rigmor Hovland, har kome til at tida var komen for å sleppa til andre å driva bensinstasjonen og verkstaden vidare. I 2019 feira stasjonen 50 års jubileum, men det er ei tid til alt, seier Lisbet og Frank.

Liv

DEN BRUNE (MAT) ELLER GRÅ (REST DUNKEN????)

Nå har det vorte så omstendelig, med det me skal kasta, at eg spurde ordføraren om det var ei liste som synte kva som skulle vera i dei 2 dunkane. Då viste han meg koss eg skulle gå inn på nettet på IVAR, og spørja. Og det har eg gjort, og til mi store overrasking fann eg ut at både ein blomebukett og ein potteplante, nå skal gå i restavfallet i Hå. Men servi-ettar og turkepapir kunne gå i begge dunkane, mens våtser-viettar skulle i rest. «Dæ æ sandeleg ikkje lett å vera foggel i dag». Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

16. august 2024

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.



Fredag 31.5. og lørdag 1.6.


PIZZATILBUD

STOR PIZZA

+ 1,5 BRUS

189,-

GJELDER IKKE UTKJØRING



Ring oss

☎ 4000 56 11



•••• BEDRIFT

Datahjelpen.IT as

Vi løser dine dataproblemer

☎ 51485000  www.datahjelpen.it